



Volda
kommune

01.01.2020

Retningsliner for publisering av bilete og video

Som ein hovudregel skal alle personar som vert avbilda eller filma alltid bli spurt om samtykke. Dette jamfør Personopplysningslova. Dersom den/dei det gjeld er under 15 år, må det også hentast inn samtykke frå foreldre eller føresette.

Når du hentar inn samtykke skal det kome tydleg fram kva materialet skal nyttast til og kvar det vil verte publisert. Dette for at den/dei det gjeld skal få høve til å reservere seg. På kommunen sine offisielle kanalar skal det vere lett tilgjengeleg kontaktinformasjon for dei som ynskjer å bli fjerna frå bilete og/eller videoar som er lagt ut. Døme på samtykkeskjema finn du nedst i desse retningslinene.

Det er eit viktige skilje mellom ulike typar bilete og video, der det er ulike krav til samtykke. Datatilsynet skil mellom to hovudkategoriar: portrett- og situasjonsbilete.

Portrettbilete

Dette er bilete der éin eller fleire **bestemte** personar er avbilda. Dette kan t.d. vere klassebilete, pressefoto av tilsette eller liknande. Her må ein **alltid ha samtykke** frå den/dei som er avbilda før ein kan publisere bilete. Samtykke må også vere ei aktiv handling, der den/dei avbilda tydeleg samtykker til at biletet kan publiserast.

Det er nokre unntak, jf. Åndsverklova § 45c:

«*Fotografi som avbilder en person kan ikke gjengis eller vises offentlig uten samtykke av den avbildede, unntatt når:*

- a) *Avbildningen har aktuell og allmenn interesse.*
- b) *Avbildningen av personen er mindre viktig enn hovedinnholdet i bildet.*
- c) *Bildet gjengir forsamlinger, folketog i friluft eller forhold eller hendelser som har allmenn interesse*
- d) *Eksemplar av avbildningen på vanlig måte vises som reklame for fotografens virksomhet og denavbildede ikke nedlegger forbud, eller*
- e) *Bildet brukes som omhandlet i § 23 første ledd tredjepunktum eller § 27 andre ledd*

Vernet gjelder i den avbildedes levetid og 15 år etter utløpet av hans dødsår.»



Situasjonsbilete

Dette er biletet der sjølve situasjonen eller aktiviteten er det eigentlege føremålet med biletet. Det er derfor mindre viktig kven som er avbilda. Dette kan t.d. vere ei gruppe menneske på eit idrettsarrangement eller 17. mai-tog. I utgangspunktet er det for slike biletet **ikkje naudsynt** med samtykke, så lenge bileta er harmlause og på ingen måte krenkande for den avbilda.

Personvern

Dersom du er i tvil eller ynskjer hjelp til vurdering om det er lov til å publisere video eller bilet, vert du oppmoda til å ta kontakt med personvernombodet i Volda kommune for rådgjeving.

Personvernombodet kan kontaktast per e-post: personvern@volda.kommune.no.



Samtykkeskjema for publisering av bilete eller video

Eg/vi samtykker til at Volda kommune kan bruke foto/video som vert tatt av anten

1) Meg sjølv

_____ (namnet ditt)

2) Bornet mitt (for born opp til og med 15 år)

_____ (barnet ditt sitt namn)

for å illustrere verksemda sitt arbeid i kommunen sine presentasjonar, trykksaker og i digitale kanalar.

Ja, eg samtykker

Nei, eg samtykker ikkje

I Volda kommune er vi opptekne av å beskytte barn og unge. Vi følgjer derfor følgjande retningsliner for publisering av bilete/video av born:

1. Foto/film skal ikkje verke krenkande på dei som er avbilda
2. Vi publiserer/frigir ikkje barnet sitt namn, eller andre personopplysningar, i tilknyting til foto/film utan at det er gitt løyve til dette frå foreldre/føresette.
3. Kommunen rettar seg etter Åndsverkloven §45c

Presse/media

Eg/vi samtykker til at presse kan bruke foto/ filmsnutter som vert tatt av bornet.

Ja, eg samtykker

Nei, eg samtykker ikkje

Dato og stad

Underskrift (foreldre/føresette for born under 16 år)